

Vestlandsforskning-rapport nr. 14/2012

# Evaluering av skuleprosjekt i Nordfjord

*- Evaluering av elektronisk verktøy til kommunikasjon mellom lærarar, elevar og foreldre i Nordfjordskulane*

Øyvind Heimset Larsen



## Vestlandsforskning rapport

|  |   |
|--|---|
| <b>Tittel</b><br>Evaluering av skuleprosjekt i Nordfjord                           | <b>Rapportnummer</b> 14/2012<br><b>Dato</b> 14.11.2012<br><b>Gradering</b> Open |
| <b>Prosjekttittel</b><br>Kort evaluering av eit skulefornyingsprosjekt i Nordfjord | <b>Tal sider</b> 10<br><b>Prosjektnr</b> 6283                                   |
| <b>Forskar(ar)</b><br>Øyvind Heimset Larsen  | <b>Prosjektansvarleg</b><br>Øyvind Heimset Larsen                               |
| <b>Oppdragsgivar</b><br>Nordfjordregionen  | <b>Emneord</b><br>Læringsplattform, e-læring                                    |

### Samandrag

Nordfjordsamarbeidet har lang erfaring med ressurssamarbeid i skulesektoren på tvers av kommunane. Dei innfører i 2011 og 2012 ny teknologi frå Kongsvinger-bedrifta Oppad AS for felles skuleadministrativ programvare og felles læringsplattform (LMS). Den nye løysinga er basert på læringsplattforma frå egyptiske ITWorx og tilpassa norsk oppvektstsektor. I den same prosessen vert eit anna system fasa ut.

Nordfjordsamarbeidet si satsing er støtta av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Vestlandsforskning si rolle i prosjektet er ei avgrensa evaluering av innføringa av ny teknologiplattform i pilotperioden, samt deltaking i referansegruppa.

*Pilotprosjektet har lukkast godt med å gjennomføre framdriftsplanen i dei 7 kommunane med om lag 40 skular og 30 barnehagar. Framdriftsplanen var ambisiøs med eit stramt tidsskjema. Pilotfasen har vore kort og vellukka. Teknisk tilrettelegging av infrastruktur har gått bra grunna godt arbeid, god dialog og lokalkunnskap. Difor vart pilotane gjennomført på tid og dei er i hausten 2012 i gong med utrulling og opplæring som skissert i søknaden. Organisering er prosjektet si store styrke. Nordfjord sler sjølv fast at "Forankring og forarbeid har gjort at Nordfjord har framstått som ei eining og vore lettare å forhalde seg til for leverandør. Enkeltkommunane kunne ikkje gjort denne satsinga."*

Prosessane kommunane har gjennomført med sentral styringsgruppe og brei deltaking framstår som både nødvendige, godt gjennomførte og tilstrekkeleg som grunnlag for vellukka pilotar og vidare drift. Målsettingane er likevel i overkant ambisiøse når det gjeld å bygge opp delingskultur og styrke skule/heimsamarbeidet. Dette er i mykje større grad kulturellrelaterte utfordringar enn det er teknologi. Å handtere dette vert ei viktig rolle for dei lokale fagnettverka.

### Andre publikasjonar frå prosjektet

ISBN: 978-82-428-0327-6

Pris: Gratis

## Forord

Sju Nordfjordkommunar satsar saman på innføring av ei felles ny IT-løysing for skulane som skal støtte både pedagogisk og administrativt arbeid.

Bakgrunnen for Nordfjordsamarbeidet si satsing, som er støtta av fornyingsmidlar frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, er eit erkjent behov for ei ny teknologiplattform med ei samla og enklare grenseflate mot brukaren. Innføringa skal skape vinstar for kommunane på mange område: Innsparing av tid og ressursar, integrerte løysingar, forenkla arbeid med plan og vurdering, bygge opp delingskultur, auka sikkerheit, styrka skule/heimsamarbeid, samt sikre kontroll på eigne data.

Vestlandsforskning si rolle i prosjektet har vore ei avgrensa evaluering av innføringa av ny teknologiplattform i pilotperioden, samt deltaking i referansegruppa. Referansegruppa som i tillegg til Vestlandsforskning bestod av Microsoft Norge og Oppad AS har bidrege med gode og innsiktsfulle innspel i diskusjonane.

Evalueringsarbeidet tok til ved prosjektoppstartmøtet den 23.sept 2011. Offisiell pilotavslutning var 5.juli 2012. Men overgangsfasar mellom pilot og utrulling av ny teknologi kan i praksis vere uklare og flytande. Evalueringa vel difor å vektleggje starten på utrullingsfasen, då 90 lærarar 15.-16.august 2012 deltok på kurs og gav god tilbakemeldingar og god medieomtale, også som ei praktisk avslutning på pilot og på evalueringstidsrom. Denne sluttevalueringa av piloten er ei oppsummering etter gjennomgong av det samla materialet.

Prosjektleiing og prosjektdeltakarar har uoppfordra sendt evaluator møtereferat og ope delt erfaringar på internettportalen for Nordfjordkommunane, Sophusportalen. God dialog både på prosjektmøter og i andre møterom der evaluator har møtt prosjektleiinga har hjelpt gjennomføringa av evalueringa mykje.

# 1. Oppdraget

---

## Om fornyingsprosjekt

Fylkesmannen har sidan 2004 sett av skjønsmidler til fornyingsprosjekt i kommunane. I 2006 etablerte fylkeskommunen Fornyning av offentlig sektor og IKT som eitt av fem regionale utviklingsprogram. Fylkesmannen og fylkeskommunen vart samde om å slå saman dette programmet i eit fornyingsarbeid. Dei samarbeidde om ein programplan, og fekk oppnemnt eit programstyre med representantar for KS, fylkeskommunen og Fylkesmannen. Dette er eitt av fleire døme på eit godt samarbeid mellom Fylkesmannen og fylkeskommunen i Sogn og Fjordane, i følge den offisielle bloggen hjå Fylkesmannen.<sup>1</sup>

Sidan 2006 er det kvart år sett av mellom 2,5 og 3 mill kroner frå det regionale utviklingsprogrammet og 5-7 mill kroner av skjønsmidlane til kommunalt fornyingsarbeid. Fram til 2011 i utlysingsrunden då dette prosjektet fekk løyving var det til saman løyvd 51 mill kroner til 117 prosjekt, dei fleste er interkommunale samarbeidsprosjekt. Med krav om 50 prosent eigeninnsats, var det nytta meir enn 100 mill kroner til arbeid med omstilling og fornying i kommunane i perioden.

## Om rammene for evalueringsoppdraget og Vestlandsforskning si rolle i prosjektet

Nordfjordsamarbeidet arbeidde fram ein søknad som vart støtta med kr 450 000 i juli 2011<sup>2</sup>. Tittelen på søknaden var "Utvikling av elektronisk verktøy til kommunikasjon mellom lærarar, elevar og foreldre. Kommunane Stryn, Hornindal, Gloppen, Eid, Vågsøy, Selje og Bremanger"

I søknaden var det sett av ein samla sum til prosjektleiing, planlegging og evaluering. Det var skriva inn og på førehand avklara at Vestlandsforskning tok på seg evalueringsoppdraget og at omfanget var på kr 25 000 / eit vekeverk. I søknaden var det og spesifisert at Vestlandsforskning deltok i referansegruppa saman med leverandør Oppad AS, Microsoft Norge og IT-forum SFj.

Innanfor råma til oppdraget som er på eit vekeverk, der møtedeltaking som medlem i referansegruppe er inkludert, er det berre muleg å gjennomføre ei svært avgrensa evaluering av innføringa av ny teknolgiplattform i pilotperioden. Utrulling til alle Nordfjord-skular skjer frå hausten 2012 og den har alt fått god mediedekning med innslag i lokalradioen NRK SFj. Evaluering av utrullingsfasen ligg utanfor fornyingsprosjektperioden og mandatet.

I arbeidet med evaluering er det nytta to møtedagar på oppstart og avslutningsmøta i Loen som observatør og datainnsamlar og samtidig som referansegruppedlem med innspel til diskusjonane. Evalueringa har sett søkjelyset på prosess med innføring av nytt verktøy og inneheld ikkje ei fagleg evaluering av systemet.

---

<sup>1</sup> <http://blogg.fylkesmannen.no/fmsf/?p=552>

<sup>2</sup> <http://www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=472&amid=3518615>

## 2. Prosjektet

### Bakgrunn

Nordfjordsamarbeidet har lang erfaring med ressursamarbeid i skulesektoren på tvers av kommunar. Dei innførte ny teknologi frå Kongsvinger-bedrifta Oppad AS i 2011 og 2012. Selskapet vann oppdraget for regionen etter ei utlysning våren 2011 om ny digital plattform for undervisning i skulesektoren. Frå før er dei leverandør av den skuleadministrative løysinga i regionen. Den nye løysinga deira er basert på læringsplattforma frå egyptiske ITWorx og tilpassa norsk oppvekstsektor. Samtidig vert det eksisterande systemet fasa ut.

### Prosjektsøknaden

Kommunane i Nordfjord ville satse på felles skuleadministrativ programvare og felles læringsplattform (LMS). Slik desse programma fungerer i dag må fleire av arbeidsoperasjonane gjerast to gonger. Dette fører mellom anna til at lærarane må utføre ein vesentleg del dobbeltarbeid. Både elevar og foreldre må også logge seg på to system for å få ut informasjon om mellom anna vurdering og tilbakemeldingar frå lærarar. Nordfjordkommunane meiner det i dag ikkje er program utvikla for å tilfredsstillje heile arbeidsflyten mellom karaktersetjing, fråversregistrering, undervegsvurdering, oppgåveløysing, portefolio og kommunikasjon mellom lærar, elev og foreldre, og at prosjektet vil bidra til å endre dette.

### Målet med prosjektet

Prosjektet skal legge grunnlag for utvikling av eit verktøy som skal gå inn i ei heilskapleg satsing i regionen. Løysinga skal forenkle arbeidskvardagen for lærarane der planleggings- og vurderingsarbeidet skal kunne utførast i ei integrert løysing. Løysinga skal også vere kommunikasjonskanal mellom administrasjon, lærarar, elevar og foreldre i oppvekstsektoren i regionen.

Regionen har i dag Oppad som skuleadministrativt system og system til bruk for lærarar for karakterføring og vurdering. Som læringsplattform brukar regionen Fronter i læringsarbeidet og oppfølging av kvar elev. Fronter blir også brukt som elektronisk mappevurderingsverktøy. Foreldra kan følgje opp sine born ved å logge seg på Fronter. Målet er å få på plass eit verktøy som taklar alle desse funksjonane innafor det same grensesnittet. Dette vil forenkle arbeidsfunksjonane og redusere arbeidsmengda for lærarar. Det vil også bli eit enklare system for oppfølging både for elevar og foreldre

### Omfang og avgrensingar

Prosjektet er eit IKT - samarbeid mellom dei sju kommunane Bremanger, Eid, Gloppen, Hornindal, Selje, Stryn og Vågsøy. Prosjektet vil involvere ca. 40 grunnskular og 30 barnehagar med til saman ca. 500 tilsette og 4.700 elevar (med føresette).

Kommunane har behov for ei læringsplattform som skal kunne handtere utfordringar og problemstillingar knytt til oppvekstsektoren i kommunenett Nordfjord. Dei siste åra har Nordfjordregionen sett at bruken av læringsplattform og skuleadministrative system har tangert kvarandre på ein del funksjonalitet. Dette har ført til ein del dobbeltarbeid. Dei ser og at det med to separate system vil vere vanskeleg å få til ein heilskapleg kommunikasjon skule - heim. Difor er målet ei mest muleg totalintegrert løysing med eksisterande skuleadministrative system. Nordfjordregionen nyttar i dag Oppad AS som leverandør for skuleadministrativ løysing. For brukarane skal det opplevast som om dei jobbar i eit system. Systemet skal vere webbasert, støtte portal- løysing/tenking og vere brukarvennleg. Læringsplattforma vil slik inngå i ei heilskapleg satsing i Nordfjordregionen. Løysinga skal forenkle arbeidskvardagen til pedagogane i Nordfjord og forenkle planleggings- og vurderingsarbeidet. Løysinga skal og vere kommunikasjonskanalen mellom pedagog, administrasjon, elev og foreldre i oppvekstsektoren i Nordfjord.

Prosjektgruppa er sett saman av representantar frå kvar kommune og dei tre i arbeidsgruppa som dagleg føl opp prosjektet og styringgruppa, er dei sju skulefaglege ansvarlege i søkjarkommunane.

## 3. Evaluering av prosjektet

### Metode og gjennomføring

Evalueringa er basert på data samla inn på møte for oppstart innføring (23.sept 2011) og pilotavslutning (06.juni 2012), statusmøtereferat undervegs (8.febr 2012), informasjon frå prosjektleiing på Kunnskapsportalen for skule og barnehagar i Nordfjord (Sophusportalen) og etter dialog med eit fåtal superbrukarar frå skulane.

Sidan Vestlandsforskning har vore ein del av referansegruppa, har denne evalueringa vore ei følgjeevaluering<sup>3</sup>.

Ei følgjeevaluering inneber metodisk at evaluator følgjer ulike prosessar i prosjektet. Følgjeevaluator si rolle i prosjektet er å komme med kritiske konstruktive innspel til prosjektet si leiing, for å sikre at ein arbeider mot prosjektet sitt mål. Det som metodisk og prinsipielt skiljer følgjeevaluering fra annan evaluering, er konsentrasjon om kunnskapsutvikling og læring for å bidra til optimal prosess- og resultatforbetring undervegs. Følgjeevaluering er dynamisk, men kan og innehalde statiske konsentrasjon om prosess og resultat. Ein viktig effekt av dette er at opplegget for følgjeevaluering ikkje kan vere ferdig på førehand, det er undervegs, på same måte som prosessane. I prinsippet må følgjeevaluering difor alltid vere uferdig og alltid vere eit svar på behov som dukkar opp med omsyn til kunnskapsutvikling, kvalitetssikring og læring. Det som ligg fast er sjølve utøvinga av evaluatorrolla og det metodiske grepet som er valt for å utvikle felles kunnskap og læring undervegs.<sup>4</sup> Det er helt nødvendig at partane har ei omforeint forståing av at designet (opplegget) stadig er under revisjon i høve til "det som skjer" i prosjektet.

### Oppstart

*Det opne oppstartsmøtet* den 23.september i Loen var ei stor heildagssamling med alle involverte der prosjektleiinga ved arbeidsgruppa regisserte ein grundig gjennomgong av satsinga, bakgrunnen for satsinga, søknaden, dei involverte aktørane og organisering, framdriftplanar, kritiske faktorar og forventningar. *God forankring* for prosjektet i Nordfjord vart poengtert. Brei deltaking både hjå deltakarar frå leiing, teknisk-, pedagogisk og på skuleadministrativt nivå, samt at alle kommentarar var positive var med på å underbygge dette.

Aktørane som var til stades:

- Leverandøren stilte med støttespelarar frå Microsoft Norge. Desse sannsynleggjorde at prosjektet ville få levert sitt produkt som bestilt, at Nordfjordkommunnane ville få høg intern prioritet, ressursar og særleg oppfølging som det gjerne krevst når ein er første norske region som tek i bruk eit nytt produkt.
- Microsoft gjekk og god for at teknologien som skulle introduserast var i verdsfront og at dette var systemet dei støtta innan dette feltet, trass at selskapet tidlegare har utvikla eit eiga Microsoft-LMS. (Rammeverktøyet er bygd på Microsoft-produktet Sharepoint.)
- *Prosjektgruppa framstod som sterk* med god fagleg breidde, med tidlegare dokumentert gjennomføringsevne i satsingar på tvers av kommunar og skuleslag.
- Prosjektfundamentet framstod som eit godt samarbeid der lokale leverandørar av infrastruktur og støtteprogramvare må bidra med mykje. Desse deltok aktivt og skisserte også godt kva deira rolle var og korleis dei skulle støtte prosjektet i gjennomføringa. (Fjordane IT m.fl.)
- Den regionale organiseringa av prosjektarbeidet følgde malen for tidlegare prosjekt i regionen:

*Organiseringa* som Nordfjordkommunane har nytta i tidlegare samarbeidsprosjekt:

---

<sup>3</sup> Sletterød, N. A. (2000): *Følgjeevaluering og følgjeforskning – endringsagent eller forsker på bedriftsutvikling?*

<sup>4</sup> Meir om norsk følgjeevaluering som metode og praksis  
<http://www.nifu.no/Norway/Documents/Prosjektbeskrivelse%20RFF%2006022011.pdf>

**Styringsgruppe:**

Dei skule-/barnehagefagleg ansvarlege i regionen har det overordna ansvaret for prosjektet, også ansvaret for utviklinga i eigen kommune.

**Prosjektgruppe:** (1 representant frå kvar kommune)

|            |                                      |
|------------|--------------------------------------|
| Vågsøy:    | Bjørn Helge Syre                     |
| Selje:     | Annelin Refvik                       |
| Bremanger: | Kåre Magne Moe                       |
| Eid:       | Peder Felde                          |
| Gloppen:   | Kjell Otto Solheim/Andreas Tjomsland |
| Hornindal: | Lars Helge Hopland                   |
| Stryn:     | Johan Olai Svidal                    |

**Arbeidsgruppe:** (same gruppa som vart vald til å greie ut prosjektet i innleiingsfasen)

Olav Fure, Frode Vik og Arne P. Sunde. Administrativ prosjektleiar har vore Frode Vik

Arbeidsgruppa har koordinert prosjektgjennomføringa, drive fram arbeidet og støtta prosjektgruppa ved behov.

Prosjektleiinga har og koordinert kontakt med leverandøren Oppad AS. Oppad har hatt ein dedikert prosjektleiar i denne innføringa, Lars Christian Gjørseth. I tillegg har grunder og dagleg leiar, Ketil Haaheim Syversen, saman med representantar for egyptiske ITWorx stilt opp på møta og vist engasjement.

I tillegg er prosjektleiar Frode Vik leiar for OBF – Oppad brukarforeining - ei brukarforeining som skal representere brukarane/kundane av Oppad.<sup>5</sup> Denne gruppa kan mellom anna påverke prioriteringslista for nyutvikling av programmet, drøfte dei ulike endringsforslaga kommunane måtte ha og prioritere blant dei. planlegge årleg brukerseminar og definere eigne utviklingsynskjer.

Ein viktig bakgrunnsinformasjon her er at det allereie i 2007 vart etablert Faggrupper og rapportgruppe skule og barnehage<sup>6</sup> som skulle ta eit ansvar for vidareføring og utvikling av Oppad i regionen og for utvikling og tilpassing av regionale/kommunale rapportmalar. Sjølv med myke utskiftingar av personell har arbeidet i faggruppene lagt eit grunnlag og etablert rutiner for samarbeid om utvikling i regionen.

**Teknisk gruppe:**

Bjørn Helge Syre, Edmundas Ralys, Johan Olai Svidal og Frode Vik

Lokal leverandør som støttar teknisk gruppe med tilrettelegging og tilpassing av eksisterande system og infrastruktur er Fjordane IT. Dei bidreg med ressursar som over tid har stått for leveransar i fleire av Nordfjordkommunane sine andre prosjekt og dei kjenner såleis utfordringane og systema godt.

*Behovet* for prosjektet slik det kom fram på oppstartsmøtet var konkret og målbart. "Det eksisterande produktet for skulane hadde mange brukarar, men mange har brukt det lite!"

- Nordfjord legg til grunn at dei ønskjer ei brukarvennleg, funksjonsrik og moderne løysing der det er tett integrasjon mellom administrasjonssystem for skole og barnehage og læringssystem.
- To eller ulike system skal bli til eitt. "Frå brukarane si side har det vore uttrykt misnøye med at mykje av arbeidet retta mot elevar og foreldre må gjerast på to ulike system som ikkje er integrerte. Dette fører til dobbeltarbeid, spesielt for lærarane, men også for elevar og foreldre i den grad desse etter kvart kan logge seg inn og følgje med på utviklinga til den einskilde elev." Nordfjord legg vekt på at brukarane mest mogeleg skal kunne forhalde seg til ei arbeidsflate.
- Tradisjonelle løysingar representerer siloar og det vart på møtet hevda at dei gjerne er proprietære. Microsoft Norge gav uttrykk for at splitta tenester for skulesektor ikkje vil fungere i framtida. Adm, lærarar, elevar og foreldre må inkluderast godt. Dette vurderer eg ikkje som eit urimelege utsegn. Men underteikna vil peike på det same som eg gjorde i styringsgruppa for fylkessatsinga på Fronter i 2009, systemet som no Nordfjord skal utfase: Nordfjordkommunane bør og ha tankar om ein exitstrategi for dette nye systemet. Dette er berre i tilfelle det skulle vise seg å oppstå uoverkommelege utfordringar eller rett og slett dukke opp eit nytt og bransjeleiane produkt. Det er umogeleg å spå langt fram og viktig at prosjektleiinga har tankar om dette. Binding til Microsoft-løysingar kan her bli sterk.

<sup>5</sup> <http://www.oppad.no/Default.aspx?center=portal/article&art=297&m=32>

<sup>6</sup> <http://www.sophusportalen.no/artikkel.aspx?MId1=749&AId=379>

- Nordfjord er første region i Noreg som tek i bruk løysinga. Dette er ein risiko som krev ekstra innsats og motivasjon for utvikling og utprøving av eit nytt it-system i høve å ta i bruk eti utprøvd og testa produkt. Men det gjev og føremon i at kommunane sterkare kan påverke eigenskapar og utforming. Det ligg til rette for ei lokal tilpassing med opplevd eigarskap og identitet/gjenkjenning innebygd.

*Prosjektfaser var gjennomgått.* På den digitale samarbeidsarenaen i Nordfjord, Sophusportalen, finn ein dei viktige fasane i prosjektet referert

- Utviklingsfase, installasjons- og testfase. September - desember 2011
- Installasjon av teknisk infrastruktur lokalt
- Dette arbeidet vil bli styrt av teknisk ansvarlege. I denne fasen vil det vere tett oppfølging mellom regionen, Oppad og ITWorx. Det vil også bli brukt ekstern kompetanse
- Oppsummerings-/evalueringsmøte 1. desember 2011. Erfaringar og framdrift.
- Opplæringsfase. Desember 2011. Oppad og ITWorx vil ha ansvar for opplæring av sentrale personar i regionen. Det blir sett av 1 veke i desember til denne opplæringa. Opplæringa vil i første omgang bli gitt til 12-15 personar frå kommunane i regionen.
- Pilotering: Januar 2012 - juni 2012. Utprøving av verktøyet ved skular i regionen.
- Utrulling ved skulane i regionen frå skulestart skuleåret 2012/2013.

*Framdriftsplanen* vart gjennomgått og forklart i detalj på oppstartsmøtet, mykje grundigare enn den var skissert i søknaden. Milepælar og tidsestimat er utforma basert på erfaring i tidlegare innføringsprosjekt aktørane har deltatt i. Dette er eit godt utgangspunkt, men planen framstod som stram på tid i tilfelle større tekniske eller organisatoriske utfordringar skulle oppstå. Særleg i og med at utvikling og kan krevje bidrag frå internasjonal egyptisk samarbeidspart. Planen i detalj med aktivitetsmål var:

- Pilotperiode 23.09.11-01.06.12: Utvikling og tilpassing – integrasjon mot plagiattkontrollprodukt og skulelogoar,
- 30.10-2011: installasjon,
- 27.11.11-30.11.11: test av installasjon,
- 09.01.12 -01.06.12: førebu fullskalainstallasjon,
- 30.3.12: test av feide(sikkerheit, elektronisk nøkkel),
- 30.03.12-31.05.12: Innhente tilbakemelding frå pilotskular,
- 30.03.12-31.05.12: opprette foreldrepålogging,
- mellom månad 05-09.2012: opplæring i Nordfjord,
- 01.08.12-31.12.12: fullskala bruk av alle einingar i regionen.

Oppstartsmøtet la eit godt grunnlag for ei vellukka gjennomføring.

## Midtvegsevaluering

Erfaringar frå pilotskulane vart den 8.februar 2012 oppsummert og tilbakemeldingane var då som følgjer:

### Stryn

Stryn ungdomsskule er godt i gang med piloteringa. Elles har det vore orienteringar både på administrativt nivå og for IT -ansvarlege i kommunen.

### Eid

Nordfjordeid skule piloterar på 7. trinn. Elevane syns det er kjekt og dei er motiverte for å bruke programmet.

Kollegaer som har sett programmet i bruk syns også dette ser greitt ut.

Skulen har vore aktiv med omsyn til å melde inn problem og finne løysingar der dette ligg innafor support. Dei har også meldt inn ei rekkje ønskje (krav) som blir teke med vidare i utviklingsarbeidet. (ein del av desse ønskja er alt lagt fram for leverandøren).

### Gloppen

5. – 7. klasse ved Nordstranda skule piloterar.

Lærer har lagt ut ressursar og prøvd ut kommunikasjon mellom lærar og elevar.



Oppgaveinnlevering frå elevane er prøvd ut. Korleis kan ein levere inn 2 gonger på ei og same oppgåve? Lærar må no returnere til elev for å få sendt oppgåva på nytt.

Piloten finn historikken lite intuitiv, og det kan vere vanskeleg (tidkrevjande) å finne att det som er produsert. Metodar og triks her?

### **Selje**

Flatraket skule piloterar.

Det tok litt tid og ymse grunnar før skulen kom i gang. Men dei har prøvd litt.

Hadde problem med tilgang og pålogging. Alle lærarar og elevar har no vore logga på programmet.

Nokre problem er meldt tilbake. Support får skryt!

### **Vågsøy**

Vågsøy ungdomsskule er pilotskule.

Dei har hatt problem med serverar og pålogging fram til no. Ikkje komne skikkeleg i gang.

### **Bremanger**

Hauge og Ålfoten skal pilotere i kommunen.

Ålfoten ønskjer å vere med i piloteringa, men var ikkje klarert frå starten.

På grunn av same problema som for ein del av dei andre kommunane, har dei hatt problem med pålogging og tilgang. Reknar med fullt køyr frå no og framover.

### **Hornindal**

Skulen, 7. klasse, er komen godt i gang, og ting fungerer greitt.

Har meldt inn nokre problem og utviklingsønske.

*Statusgjennomgangen viste at prosjektet følgde framdriftsplanen.* Det tekniske arbeidet hadde naturleg nok høg prioritet i prosjektet før nyttår i 2011. Pilot og utprøving med elevar kravde deretter innsats saman med feilretting og oppfølging.

Problema med straumbrot i regionen i samband med stormen "Dagmar" påverka også stabiliteten i programmet. Utanom denne uføresette hendinga var framdrifta god og i tråd med planen.

Prosjektleiinga prioriterte opplæring, som dei såg på som ein kritisk suksessfaktor, og hadde særleg god plan og ressursar allokerte til dette.

## Sluttevaluering

På status og pilotavslutningsmøtet 5.juni vart framdrifta rapportert framleis å vere i tråd med planen. Full utrulling skal etter planen ta 8 månader og vere ferdigstilt til sommaren 2013. Opplæring har no prioritet i prosjektet.

Teknisk har det fungert bra og alle skular er klare for bruk av systemet. Prosjektleiinga rapporterer at det har oppstått få feil og ingen av feila som er rapportert og måtte handterast har vore kritiske. Nokre døme på unntak kan nemnast: Det har vore behov for noko feilsøking knytt til tilgang, som gjerne skuldast at lærarar er tilsette på fleire skular eller har fleire roller. Dessutan er språk viktig. Menytekstar må oversettjast - Lærar: "Eg opplever at engelsk stoppar elevar frå å fullføre oppgåver. Det er eit problem som må løysast før yngre barn slepp til."). Andre rapporterer om behov for ulike og tilpassa skrivebord og hurtigmappeoppsett. Slike behov for endringar og rettingar er ikkje meir enn prosjektleiinga burde kunne vente seg ved innføring av eit nytt program som enno er under utvikling. Her er det ein klar styrke for prosjektet i høve endringsønsker at Nordfjord er representert med leiarfunksjonen i Oppad brukarforeining. På møta fortalde skulekontaktane om rask og god brukarstøtte og handtering av spørsmål. Det er nødvendig og ein styrke ved innføringa at pilotane rapporterer om god brukarstøtte der dei raskt får kontakt og kjenner seg høyrde når dei kjem med feil og forslag til justeringar.

Prosjektleiinga skisserer tru på vinstar som: Innsparing av tid og ressursar, integrerte løysingar, forenkla arbeid med plan og vurdering, bygge opp delingskultur, auka sikkerheit, styrka skule/heimsamarbeid, sikra kontroll på egne data. Etter å ha følgd denne prosessen og vore aktive i andre innføringsprosessar kan vi støtte opp om

konklusjonen som vart trekt på møtet om at rettighetsstyring generelt er utfordrande og utsagnet at " Testen på prosjektet kjem når ein skalerer opp til mange fleire brukarar, elevar, lærarar og foreldre".

Det er likevel viktig å peike på at heile skulesektoren må jobbe hardt med å bygge opp delingskultur og styrke skule/heimsamarbeidet. Dette er i mykje større grad kulturellete utfordringar enn det er teknologi.

Det er ikkje presentert eller skissert nokon skriftleg plan for vinstutrekning og vinstrealisering i tilgjengeleg dokumentasjon. Dette peikar seg ut som det største forbetningsområde og er ein liten mangel ved prosjektet.

## 4. Konklusjon

---

*Pilotprosjektet har lukkast godt* med å gjennomføre framdriftsplanen i dei 7 kommunane med om lag 40 skular. 15.-16.august 2012 starta utrullinga med [kurs for 90 lærarar i Stryn](#)<sup>7</sup> og med god mediedekning på lokalradioen. Pilotfasen har vore relativt kort og vellukka. Teknisk tilrettelegging av infrastruktur har gått bra grunna godt arbeid, god dialog og lokalkunnskap frå lokal leverandør.

*Organisering er prosjektet si store styrke.* Nordfjord sler sjølv fast at "Forankring og forarbeid har gjort at Nordfjord har framstått som ei eining og vore lettare å forhalde seg til for leverandør. Enkeltkommunane kunne ikkje gjort denne satsinga. Innføring av systemet CLG i sju kommunar hadde vore same prosess sju gongar om det var separat. Fellesmiljøet tek til å sette seg litt i heile regionen. CLG-går inn i ein raud tråd saman med dei andre satsingane og gjev ein vinst." Det at prosjektet ikkje er lausrive frå andre satsingar, men sterkt integrert og forankra gjev det gode odds for at nødvendige ressursar vert sett av til drift.

Ressurstilgong i overgangen frå prosjekt og til drift er ein sentral suksessfaktor ved slike innføringar. Prosjektet har løyst dette ved at prosjektgruppa blir omgjort til ei faggruppe som skal halda fram med koordinering av satsinga i skuleåret som kjem. Evalueringa peikar på at faggruppa eller styringsgruppa bør utforme og følgje opp ein skriftleg plan for vinstrealisering. God dokumentasjon av vinstar vil både hjelpe til med å styre og motivere for innføringa.

Enno står den store utfordringa med å engasjere brukarane att. Viss dette ikkje blir gjort, vil resultatet bli det same som for systemet dei har kasta ut: Mange brukarar, men dei brukar systemet lite.

*Opplæringsressursar og dei lokale fagnettverka* som er utvikla og aktive i denne og andre skulesatsingar er særse sentrale for at ikkje bruken skal lide når sentrale personar går over i nye stillingar eller flyttar. Prosessane kommunane har gjennomført her med sentral styringsgruppe og brei deltaking framstår som både nødvendige, godt gjennomførte og tilstrekkelege som grunnlag for vellukka pilotar og vidare drift.

---

<sup>7</sup> <http://www.sophusportalen.no/Artikkel.aspx?AId=1008&back=1&Mid1=609&Mid2=&Mid3=&>